


Fitjar kommune

Sjøtroll Havbruk AS - Søknad om endra anleggsconfigurasjon på lokalitet Matløyso i Fitjar kommune

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad motteke 21.08.2020 frå Sjøtroll Havbruk AS om endring av anleggsconfigurasjonen på lokalitet 21915 Matløyso i Fitjar kommune. Det er ikkje søkt om anna endring på lokaliteten.

Lokalitet 21915 Matløyso har i dag ei ramme på 320 x 80 meter, som er delt inn i 4 stk. 80 x 80m rammer der det er fortøydd ein plastring med diameter 50m i kvar ramme. Det har vist seg at det er eit aukande behov til å ha ledige ringar i anlegget, slik at ein har moglegheit til å flytte fisk inn i ein ledig ring ved sortering, notskifte, behandling eller liknande då denne typen operasjonar no i mykje større grad involvera bruk av brønnbåt og overføring av fisk frå ein merd til ein anna samanlikna med tidlegare.

Sjøtroll Havbruk AS søker hermed om å leggje ut ei rammefortøyning med plass til 6 stk. 100 x 100m rammer, med flåten plassert i enden mot sør. Den totale lengda på ramma vert 600 x 100m med plass til 6 stk. plastringar med diameter 50m.



Figur syner nytt anlegg med fortøyingar.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysning.

Vestland fylkeskommune ber om at Fitjar kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift